

---

**Saksnr:** 2022/565-14  
**Saksbehandlar:** Anders Søyland

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		23.03.2022

## Tildeling av tilskott til friluftslivets ferdselsårer, vår 2022

### Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur idrett og integrering vedtek å løyve 855 000 kr til arbeidet med friluftslivets ferdselsårer, fordelt slik:

Nr.	Kommune	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Sveio	Friluftslivets ferdselsårer Sveio	120 000
2	Hyllestad	Friluftslivets ferdselsårer Hyllestad	60 000
3	Austrheim	Kartlegging av friluftslivets ferdselsårer 2022 på sjø og land i Austrheim kommune	120 000
4	Kvam	Friluftslivets ferdselsårer i Kvam	60 000
5	Fjaler	Friluftslivets ferdselsårer Fjaler	60 000
6	Vik Turlag	Gamle vegen mellom Nese – Otterskred Arnafjorden	0
7	Fedje	Kartlegging og registrering av ferdselsårer og turstiar på Fedje	60 000
8	Masfjorden	Plan for friluftslivets ferdselsårer i Masfjorden kommune	120 000
9	Stad	Tiltak for friluftslivets ferdselsårer	50 000
10	Gulen	Friluftslivets ferdselsårer Gulen kommune 2022	120 000
11	Bremanger	Plan for ferdselsårer for friluftslivet i Bremanger kommune	60 000
12	Fitjar	Tiltaksplan for Friluftslivets ferdselsårer	25 000
<b>Sum</b>			<b>855 000</b>

### Samandrag

I nasjonal handlingsplan for friluftsliv (2018) vert det lagt til rette for eit nasjonalt prosjekt med prosjektperiode 2019-2023, som skal identifisere, ivareta, utvikle og legge til rette for friluftslivets ferdselsårer. Dette skal skje gjennom ein eigen plan i kvar kommune. Planarbeidet er finansiert av kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar. Kvar kommune i Vestland kan søke fylkeskommunen om tilskot i to omgangar; kr 60 000 til steg 1 og 2 og kr 60 000 til steg 3 og 4. Det er og opna for at kommunane kan søke om inntil kr 50 000 for å realisere tilretteleggingstiltak som er omtala i tiltaksdelen til kommunens plan for friluftslivets ferdselsårer.

Avdelingsdirektør

Seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Prosjektet friluftslivets ferdselsårer er forankra i Anleggspolitikk for Vestland fylkeskommune 2020-2024 (vedteken av fellesnemnda i juni 2019), og er tiltak 13 i handlingsprogrammet. Arbeidet er finansiert av kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar. Det er eit nasjonalt mål at flest mogleg kommunar skal lage ein plan for friluftslivets ferdselsårer.

Vestland fylkeskommune har ei regional koordineringsrolle i prosjektet. Det vil sei å rekruttere og motivere kommunar til igangsetting, følgje opp kommunane med rettleiing og leggje til rette for erfaringsutveksling mellom kommunane.

Arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer skal auke kunnskapsgrunnlaget om ferdselsårene i kommunane, kva behov dei dekker og korleis dei kan utviklast for å skape meir aktivitet. Det er utvikla ein rettleiar frå Miljødirektoratet for arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer (M-1292). Denne gir ei systematisk og metodisk tilnærming til arbeidet. Jamfør rettleiaren består arbeidsprosessen av 4 steg:

- Steg 1: Oppstart - forankring/vedtak, utarbeide prosjektplan og etablere prosjektgruppe og annonsering
- Steg 2: Kartlegge no-status – kartlegge kjente ferdselsårer, turruter og målpunkt, supplere kartlegging ved involvering av eksterne, registrere nye trasear og målpunkt.
- Steg 3: Kvalitetssikre mål, foreslå tiltak, prioritere
- Steg 4: Samanfatte planen, høyring og vedtak

Vestland fylkeskommune har inngått ein samarbeidsavtale med Bergen og Omland Friluftsråd, som gjeld ut 2023. I følge avtalen skal friluftsrådet tilby kommunane i Vestland fagleg bistand til å få gjennomført prosjektet. Kommunane kan få bistand til m.a. prosjektleiing og til digitalisering av kartdata. 7 av kommunane som søker tilskot til prosjektet skriv at dei ønskjer bistand frå BOF.

Per februar 2022 er 24 kommunar i Vestland i gang med, eller har ferdigstilla ein plan for friluftslivets ferdselsårer. To kommunar har gjort ferdig og vedtatt plan for friluftslivets ferdselsårer (Voss og Aurland). Fleire kommunar er i slutfasen og har hatt eller skal ha planen ut til høyring. 16 kommunar har motteke tilskot til heile planarbeidet (steg 1-4) og er enten godt i gang med kartlegginga av ferdselsårer eller i gang med sjølve planarbeidet av planarbeidet.

I vinterens søknadsrunde, der søknadsfristen var 15. februar, er det fire kommunar som søker om tilskot til alle stega i planprosessen, medan tre kommunar søker om tilskot til dei to første stega. Ein kommune fekk innvilga tilskot til oppstart i fjor og søker no om tilskot til å slutfør planen. To kommunar søker om tilskot til å gjennomføre tiltak i tiltaksdelen av kommunens plan for friluftslivets ferdselsårer. Det kom og inn ein søknad frå Vik Turlag, som ikkje er kvalifisert til å søke tilskot frå denne tilskotsordninga. For meir detaljar omkring søknadane visast det til vedlagt tabell med samanstilling av alle søknadane.

**Generelt:**

Vestland fylkeskommune vil søke Miljødirektoratet om 50% statleg medfinansiering til arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer innan fristen 1. mars 2021. Desse midlane skal nyttast til prosjektleiing, nettverkssamlingar, reisekostnader og prosjektmidlar til kommunane.

Budsjett 2022 (post 460.401): Av 1 000 000 kr avsett til friluftslivets ferdselsårer er 700 000 kr avsett til arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer i kommunane og kr 300 000 til fylkeskommunal eigendel i søknad til Kartverket om midlar til kartlegging av universell tilgang til turtøyper og friluftsområder. I tillegg er det 537 000 kr i fondsmidlar frå tidlegare år (statlege midlar).

Søknadsfrist 2022: 15. februar

Vedtak kriteria: Hovudutval for kultur, idrett og integrering 2.12.2019 PS 07/19

Kriteria og informasjon: <https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/friluftslivets-ferdselsarar/>

**Søknadar Haust 2022**

Tal på søknadar:	12
Tal på søknadar som tildelast støtte:	11
Samla søknadssum:	980 000 kr
Samla løyving:	855 000 kr

**Vedtakskompetanse**

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

**Vurderingar og verknader****Økonomi:**

Arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer er eit spleiselag mellom kommunar, fylkeskommunane og staten. Midlar til arbeidet med friluftslivets ferdselsårer er lagt inn i budsjettet for 2022. Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på friluftslivfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

**Klima:**

I møte med eit framtidig klima, med meir nedbør og ekstremvær, kan det være naudsynt med tilretteleggingstiltak som gjer at stiar og turveggar blir meir klimarobuste, dvs. at dei taklar terrengslitasje og erosjon i periodar med mykje regn. Ein plan for friluftslivets ferdselsårer gjer kommunane i stand til å identifisere kor det er behov for nye tilretteleggingstiltak og prioritere kva tiltak som bør settast i verk først.

**Folkehelse:**

Plan for friluftslivets ferdselsårer er eit positivt tiltak i eit folkehelseperspektiv, da arbeidet gjer at kommunane får ein betre oversikt over stiar, turveggar, løypenett osv. i kommunen. Planen bidreg til ein meir samordna og målretta forvaltning av desse. Betre oversikt over turmoglegheitene i kommunen og ei betre tilrettelegging av turstiar o.l., gjer det lettare for befolkninga å drive med friluftsliv i nærleiken av der dei bur.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Prosjektet friluftslivets ferdselsårer er forankra i Anleggspolitikk for Vestland fylkeskommune 2020-2024, tiltak 13 i handlingsprogrammet.

Friluftsliv er kanskje den mest utbreidde fritidsaktiviteten i Noreg, og er noko som eit breitt lag av befolkninga driv med på regelmessig basis. Å syte for at flest mogleg kan gå på tur og drive med friluftsliv i nærleiken av der dei bur, bidreg til sosial utjamning og betre folkehelse.

Å ha tilgang til friluftslivsområde og gode turopplevingar i nærområdet er for mange ein viktig kvalitet. Ein kommune som har eit godt friluftslivstilbod med godt vedlikehaldne stiar og turveggar vil for mange vere ein attraktiv bustadkommune.

Gjennom ein plan for friluftslivets ferdselsårer kan kommunane ta omsyn til særskilt sårbare naturområde og legge til rette for at friluftslivet skjer på mest mogleg skånsamt og berekraftig vis.

### **Konklusjon**

Avdelingsdirektøren foreslår at kommunane vert tildelt til saman 855 000 kr til friluftslivets ferdselsårer, jf. foreslått fordeling i tabell.